



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innkalling

Møtedato: 17.02.2020

Møtestad: Seimsdalen møterom, Rådhus 1

Møtetid: Kl. 12:30

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå til møtesekretær så snart som råd slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Årdal kommune

Øystein Jarle Wangen
Leiar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/20	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll
002/20	Konstituering av Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne
003/20	Plan for velferdsteknologi Årdal
004/20	Referatsak
	- Årsmelding 2019 frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
	- Bufdir med Veileder til råd for personer med nedsatt funksjonsevne
	- Bufdir – «hva vet du om FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne?
	Ymse

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
001/20	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2020

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr. 20/295 - 20/1535

Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

Innkalling til møte skal godkjennast og det skal veljast 2 personar som skal signere og godkjenne møteprotokoll.

Framlegg til vedtak i møtet.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/20	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2020

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv: K1 - 033

Arkivsaksnr. 20/49 - 20/1685

Konstituering av Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka gjeld

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal konstituera seg sjølv. Leiar er vald av Kommunestyret.

Tilråding:

Rådet foreslår og velje nestleiar.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
053/19	Formannskapet	06.06.2019
075/19	Kommunestyret	20.06.2019
005/20	Årdal eldreråd	30.01.2020
003/20	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2020

Sakshandsamar: Rigmor Svanberg

Arkiv: K2 - G00

Arkivsaksnr. 18/1581 - 19/4469

Merk: Dette er slik saka blei lagt fram for Formannskapet og Kommunestyret i 2019. Heidi Skeie kjem i møtet (ca kl 13:00) og gjev dykk informasjon ang kor prosjektet/planen er i dag.

Plan for velferdsteknologi Årdal

Saka gjeld

Plan for implementering og utvikling av velferdsteknologi i Årdal kommune sine helse- og omsorgstenester. Ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe på 6 personar har arbeidd fram planen slik den ligg føre.

Bakgrunn

Framtidige utfordringar innan helse- og omsorgstenestene vil vere prega av aukande tal brukarar og mindre tilgang på personell. Det er difor viktig å sjå på korleis kommunen kan oppretthalde gode og forsvarlege tenester ved hjelp av velferdsteknologi, samstundes som brukarane opplever dette som trygge tenester.

Det er både eit politisk og fagleg mål at velferdsteknologi skal integrerast i helse- og omsorgstenestene. Det overordna målet er at teknologien er ein naturleg og integrert del av tenestene innan 2020.

Drøfting

Velferdsteknologi er teknologisk assistanse som kan betre den enkelte si evne til å klare seg sjølv i kvardagen og medverke til auka tryggleik. Den kan og bidra til å støtte pårørande og betra ressursutnyttinga i tenesteområda, då den ikkje berre handlar om eldre brukarar, men alle aldersgrupper.

Årdal kommune har gjennomført fleire tiltak basert på velferdsteknologi:

1. Deltatt i fylkesprosjekt om velferdsteknologi i perioden 2014 – 2016 og prøvd ut tryggleikspakkar med sensorteknologi
2. Innført mobilpleie i omsorg: mobiltelefonar med integrerte arbeidslister og journalsystem
3. Bestilt nytt varslingsystem i sjukeheimane med vanleg knapp, men med høve til å integrere sensorteknologi
4. Individuelle løysingar med td elektroniske kalenderar, dørøpnar, mm

Det er også gjennomført kompetansehevande tiltak:

1. Ei tilsett gjennomført vidareutdanning i velferdsteknologi (30 studiepoeng)
2. Ei tverrfagleg gruppe på 6 personar har gjennomført Velferdsteknologiens ABC
3. Deltatt på fylkessamlingar i regi av USHT (Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane)

Om innføring av velferdsteknologi vert det sagt at det er 10 % teknologi og 90 % organisering, noko som krev ressursar. Kommunen har i investeringsbudsjettet lagt inn kroner 500.000 i 2019 til innkjøp av velferdsteknologi og tilsvarande i 2020. Det er ikkje lagt inn auka personalressurs. I denne samanheng er det vesentleg å ha tilstrekkeleg og rett kompetanse til å sikre forsvarleg og døgntkontinuerleg drift og vedlikehald av utstyret, ikkje minst for å trygge brukarar og pårørande om at det er eit påliteleg tilbod.

ÅLA - kommunane held på med eit prosjekt for å etablere felles «Digitaliseringsstrategi», her kjem det fram at alle kommunane har for lite IKT ressursar. Ein del ting kan kommunane samarbeide om, td ressursar for Gerica i ÅLA. Uavhengig av dette prosjektet må Årdal styrke sine egne IKT-ressursar. Det er mogeleg at ressursen kan nyttast inn i eit ÅLA - samarbeid når prosjektet vert konkret på kva område samarbeidet skal vere på.

Ei ny stilling bør knytast opp mot sentral IKT avdeling, men at stillinga skal ha eit særskilt ansvar for helse- og omsorgstenestene:

1. Gerica, den tekniske biten. Sjølve bruken av programvara – Gerica systemansvarleg – 50 % stilling- bør ligge att i tenesta slik som i dag, tilagt ein fagperson som nyttar Gerica i sitt daglege arbeid
2. Winmed den tekniske delen (legetenesta)
3. Telemedisin
4. Velferdsteknologi
5. Bruk av audio- og videoutstyr i kommunen(både helsennett og generelt)

Ei styrking av avdelinga kan vere eit grunnlag for å etablere ein beredskap frå kl.17 på kvardagar og i helger ved systemfeil. Per i dag er dette svært sårbart ved utfall.

Økonomi

Plan for velferdsteknologi og anna planarbeid er gjort ved frikjøp av 50 % stilling i 2019, finansiert med prosjektmidlar frå fylkesmannen. Skal kommunen lukkast med implementering og utvikling vil det krevje auka ressursar, både til investering og kompetanse. Særleg gjeld dette IT kompetanse som må styrkast med eit årsverk – kroner 300.000 (halvårseffekt) i revidert budsjett 2019.

For 2019 og 2010 er avsett 500.000 til investering i utstyr.

Folkehelseperspektiv

Velferdsteknologi kan bidra til å auka sjølvstende, større sosial aktivitet og tryggleik både for brukar og pårørande, vesentlege element i eit folkehelseperspektiv.

Tilråding:

1. Planen vert vedteken slik den ligg føre.
2. IKT avdelinga vert styrka med eitt årsverk og tilført kr.300.000 i revidert budsjett 2019.

06.06.2019 Formannskapet

Fskap-053/19 Vedtak:

1. Planen vert vedteken slik den ligg føre.
2. IKT avdelinga vert styrka med eitt årsverk og tilført kr.300.000 i revidert budsjett 2019.

Samrøystes vedteke

20.06.2019 Kommunestyret

KST-075/19 Vedtak:

1. Planen vert vedteken slik den ligg føre.
2. IKT avdelinga vert styrka med eitt årsverk og tilført kr.300.000 i revidert budsjett 2019.

Samrøystes vedteke

Vedlegg:

Plan for velferdsteknologi i Årdal

Uttale frå rådet for menneske med netsett funksjonsevne

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/20	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14.02.2020

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr. 20/295 - 20/1747

Referatsak

Tilråding:

Referatsakene vert teken til orientering.

Dokument i saka:

Årsmeldingar 2019 - Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Veileder - råd for personer med funksjonsnedsettelse - oppfordring om å legge ut lenke til veilederen på nettsidene

«Hva vet du om FN-konvensjonen om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne (CRPD)?»